



DEN NORSKE KYRKJA

Ørsta kyrkjeleg fellestråd

dok 257

Kultur- og kirkeavdelingen
Saksnr. 200800738 d. 9. 08
Kode KI-501 Beh.

Ørsta 01.09.2008

Kultur- og kirkedepartementet Kirkeavdelingen
Postboks 8030 Dep.
0030 Oslo

Vår ref.: 62/2008 /002.0.
Dykkar ref:

Høyringsuttale til innstilling Styrket demokrati i Den norske kyrkje

Arbeidsutvalet for Ørsta kyrkjelege fellestråd har handsama denne saka på vegne av fellestrådet grunna kort frist.

Ørsta kyrkjelege fellestråd gjev si støtte til framlegga i innstillinga. Fellestrådet ynskjer å kommentere/ understreke følgjande i kapittel 6:

Kap. 6.2 Økonomi i høve ny ordning.

I innstillinga vert det skissert ei omfattande valordning i høve dagens ordning. Sende ut valkort, fleire lokale for valet gjev behov for utstyr og ev. bemanning og røystesetlar. Dette vil utgjere ein betydeleg kostnad for fellestråd, som vil vere avhengige av særskild finansiering.

Kap. 6.3 Manntall basert på Den norske kirkes medlemsregister.

Det er viktig at det kyrkjelege mantalet er korrekt før valkort vert sendt ut. Det vil gje eit negativt fokus i høve valet dersom personar som ikkje er medlemmer får valkort i posten.

Kap. 6.4 Røyserverett i anna sokn enn der ein er busett.

Det bør leggjast til rettes for ein person å flytte medlemskapet og slik få røyserverett i anna sokn.

Kap 6.6 Informasjon om nominasjonssystem og nominasjonsprosess.

For å få tyngde i informasjonsarbeid i høve innføring av nye valordningar må det ein landsomfattande informasjonskampanje til.

Kap 6.7 Senket stemmerettsalder

Å senke alder for røyserverett til 15 år er positivt. Valbarheit frå 15 år er òg viktig for å få med ungdom før dei ev. reiser vekk på skule/ i militære.

Kap 6.9 Tiltak for å gjøre det meir attraktivt å påta seg kirkelige verv.


Tiltaka i dette kapittelet er vesentlege for å gje kyrkjeleg folkevalde auka status og understreke at lokalt kyrkjestyre er viktig!

Kap 6.11 Skolering av soknerådsmedlemmer.

Her ynskjer me å understreke betydning av skulering med utgangspunkt i lokale forhold (på sokne- og fellesråds- nivå). Opplæringa må ta utgangspunkt i lokale planar, rutinar og ordningar.

Kap 6.13 Her vil me kome med eit framlegg til å nytte "soknestyre" i staden for sokneråd/ menighetsråd og kyrkjestyre i staden for kyrkjeleg fellesråd.

For Ørsta kyrkjelege fellesråd

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Steinar Sætre'. The signature is fluid and cursive, with a long horizontal stroke at the end.

Steinar Sætre
Kyrkjeverje